

## Overordna målsetting for Øving Hordaland 2015

Den overordna målsettinga med øvinga er å betre koordineringa av atomberedskapen i fylket på strategisk nivå. Øvinga vil skje i samarbeid med sentrale og lokale atomberedskapsaktørar, slik at me vil vere betre i stand til å ta hand om ei hending med eit reaktordrive fartøy ved Haakonsvern orlogsstasjon. Kan beredskapsaktørane handtere ei slik hending, vil me vere svært godt rusta til og å kunne handtere eventuelle andre atomhendingar. Operativ og taktisk handtering inngår ikkje i øvinga, og må ev. øvast særskild av naudetatane i samarbeid med objekteigar og andre med operativt ansvar.  
(Sjå elles vedlagde direktiv for øvinga).